

Samanstilling av uttale frå tilsette og skuleleiinga.

Frå tilsette på ungdomssteget 2025

Når det gjeld det faglege utbyttet meiner vi at turen er viktigare enn nokon gong, spesielt med tanke på auka polarisering i samfunnet, samt at vi har lagt merke til at rasistiske haldningar fortsatt finns i Fyresdal.

Fredsreisene til Polen og Tyskland er ein unik og verdifull del av historieundervisninga på skulen vår, og det å vitje autentiske stadar som Auschwitz eller jødiske minnestader gir ein konkret og rørende innsikt som bøker og film ikkje kan formidle åleine. Reisa bidreg til å motverke fordommar og fremje respekt for mangfald gjennom refleksjon over historiske hendingar. Ho understreker verdiane fred, demokrati og menneskeverd – noko som er særleg viktig i dagens polariserte samfunn. Temaet knyter saman historie, religion, etikk og samfunnsfag på ein naturleg måte.

Reisa skaper sterke felles opplevingar som styrker classesamhaldet, og for mange er dette deira fyrste erfaring utanfor landegrensene. Fredsreisene er meir enn ein studietur – dei er ei investering i elevane si historieforståing, medkjensle og demokratiske haldningar. Difor tilrår vi på det sterkaste å halde fram med denne tradisjonen.

Sidan vi meiner at nytta og utbyttet med turen er såpass stor både fagleg og sosialt for klassa, er lærerane framleis villige til å gje avkall på si fritid og tid med eigen familie for å bli med på denne turen for å følge opp både det pedagogiske og som bindeledd mellom turoperatør og gruppa.

Det er viktig å merke seg at det ikkje er ein ferietur for verken elevar eller lærerar, og at læraranes sin billett blir betala av kommunen, og ikkje av dugnadsfondet til klassa. Lærerane støttar elevrådets forslag om å indeksregulere den kommunale støtta, og håpar at kommunestyret vil fortsette å sjå viktigheten av å videreføre denne tradisjonen.

Frå skuleleiinga med erfaringar og innspel frå fleire år tilbake i tid.

Dei tilsette ved skulen har ulike erfaringar med noverande Polentur. Fleire held fram viktigheita ved den sterke opplevinga elevane får ved å besøke konsentrasjonsleiarane. Å vere fysisk tilstades på historisk grunn gjev liv til historia og underbyggjer haldningsarbeidet og kunnskapen eleven får om holocaust på ein unik måte. Tilsette opplever eit stort engasjement i undervisninga hjå mange elevar. Elevane har som tradisjon å lage ei utstilling frå turen til Open skuledag.

Kring organisering opplever fleire at det er krevjande med noverande konsept. Det er uklare forventningar til ein foreldrestyrt tur i skulen sin regi, med bakgrunn i politisk vedtak. Nokre foreldregrupper samarbeidar betre enn andre. Polenturen gjev sterkt inntrykk på elevane som deltek. I eit inkluderingsperspektiv vert det referert mykje til turen knytt til arbeidet med temaet på skulen. For dei som ikkje deltek på sjølve turen kan dette opplevast ekskluderande.